

Kystsoge vekene 2008

9. august til 14. september

Stiftinga Kystsogevekene



*Den største
kystkulturmonstringa i Noreg*

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...



Vel møtt til Kystsogevekene 2008!



Det er 12. året Kystsogevekene vert arrangert, og årets program er minst like fyldig og variert som tidlegare.

I løpet av dei 5 vekene denne stormønstringa går føre seg, vil omlag 160 arrangement verte gjennomførte, og vi reknar med at meir enn 40. 000 kjem til å vitje dei ulike aktivitetane.

Vi vonar du blir ein av dei!

Den dugnadsinnsats og entusiasme som lokalt vert lagt ned - år etter år - for å utvikle og gjennomføre Kystsogevekene er imponerande.

For: Det er lokalt innhaldet i Kystsogevekene vert skapt.

Bergen er i år arena for den offisielle opninga, og den vil gå føre seg på Bryggen same dag som *The Tall Ships' Races* kjem til byen. Meir enn 100 store og små seglskip rundt Vågen vil utgjere ei praktfull ramme rundt opningsarrangementet!

Kystsogevekene er i ferd med å utvikle eit samarbeid vestover til Shetland og Orknøyane, og både under opningsarrangementet og seinare, vil profesjonelle aktørar frå desse venskapsområda stå for innslag i årets program.

Stiftinga har som motto *Kystkultur - tradisjon og utvikling...* Vi ønskjer å få fram at Kystsogevekene har rom både for tradisjonell og moderne kystkultur, gjerne med nye innfallsvinklar og alternative kulturelle uttrykk.

Vi ønskjer også at aktivitetar for barn og unge skal stå sentralt. Difor vert mellom anna det populære samarbeidet med Redningsselskapet og Eliasbåtane vidareført.

Det er vårt mål at programmet for Kystsogevekene skal innehalde aktivitetar som appellerer til mange. Vi vonar du er ein av dei som tek deg tid til å studere programmet, og unnar deg tid til å delta.

Difor: ***Vel møtt til Kystsogevekene 2008!***

STIFTINGA KYSTSOGEVEKENE

Bjørn Myhren

Styreleiar

Offisiell opning 9. august på Bryggen i Bergen i samband med The Tall Ships' Races 2008

Den offisielle opninga av *Kystsogevekene 2008* vert lagt til Bryggen i Bergen under den storslagne *The Tall Ships' Races 2008*. Det vil då verte ein høgtideleg seremoni med publikum og gjestar, med maritim musikk og innslag frå vest - Shetland og Orknøyan.

Forsvarsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen vil stå for sjølve opninga. *The Tall Ships' Races 2008* er ei flott ramme for opninga av *Kystsogevekene 2008*, men dette er berre start-skotet, for når seglskutene forlet Bergen er det enda fem veker i kystkulturens teikn når *Kystsogevekene* held fram i dei 20 kommunane.



Foto: Per Eide

Arr. i kommunane:	Dato August	Dato September
Gulen	16, 24	7, 14
Masfjorden	10, 16, 24	
Austrheim	15, 16	
Fedje	23	
Radøy	17, 23, 23-29	6, 7, 14
Lindås	10, 17, 24, 31	3, 7, 14
Meland	30, 31	
Osterøy	22, 23, 24, 31	6, 7, 8, 9, 12, 14
Askøy	23, 24	
Øygarden	17	Vestkystfestival 5, 6, 7
Fjell	16, 17	"
Sund	15, 16, 30, 31	"
Bergen	9, 10, 11, 12, 23, 24	5, 6, 7
Os	23, 30, 31	
Austevoll	3, 16, 17	
Tysnes	9, 16	14
Fitjar	9	6
Stord	30, 31	6
Bømlo	9, 10, 22, 23, 24, 29, 30	5, 6, 7
Sveio	10, 17, 24, 30, 31	7

Sjå også www.kystsogevekene.no

Særskilte arrangement 2008



Redningsselskapet

Trygg på sjøen

Har du sjøvett?

Førebyggjande aktivitetar retta mot born og unge er eit av Redningsselskapet sine viktigaste satsingsområde. Elias skal fremme sjøvett. Borna må "avlegge" ein liten sjøvettstest omkring Eliasreglane før dei får køyre, denne tilpassast alderstrinnet. Sjå www.eliasklubben.no Dette markerar at å vere båtforar krev kunnskap, anten ein er liten eller stor.

Redningsselskapet og Eliasbåtane treff du her:

Kvalvåg	3. august
Austrheim	16. august
Eivindvik	16. august
Selsøy i Brandasund	23. august
Herdla	24. august
Langevåg	30. august
Meland	31. august
Trellevik	31. august
Finnås	6. september

Sjå elles meir på www.redningsselskapet.no



I forestillinga *"Gjest Baardsen i song, segn og sanning"* får vi høyre Linda Royseth, Leif Johnsen og Agnar Sagstad syngje og samtale om Gjest Baardsen. Han dikta sjølv mange viser, med spennvidde frå tragiske kjærleiksballadar til kampdikt mot brennevinsondet. Gjennom songane, lokale segn og offentleg kjeldemateriale vert vi betre kjent med den namngjetne tjuven.

Gjest Baardsen vert sett opp:

Austevoll/Kystsogedagen i Kvalvåg	3. august
Øygarden/Kystmuseet	17. august
Askøy/Herdladagen	24. august



I år er også **Periferifestivalen** med i Kystsogevøkene. Periferifestivalen er for deg som vil oppleve god musikk i eit unikt festivalmiljø. I havgapet sørvest på Sotra ligg Glesvær, det perifere sentrum for Periferifestivalen. Bygda, havet og naustmiljøet gjev stemning og atmosfære - der havsus møter populærmusikk. Konsertane kan du nyta ved utescena som ligg på den gamle handelstaden heilt i sjøkanten. Du vil også oppleve konsertarenaer av det meir uvanlege slaget; i eit naust, på eit svaberg, frå ein båt.

www.periferifestivalen.no

PERIFERI
FESTIVALEN 2008

Kystsogevekene i Vesterled

Kystsogevekene har innleidd samarbeid om kulturell utveksling med Shetland og Orknøyan, områder som har tette band med Noreg gjennom alle tider. Alt i år får vi oppleve musikarar frå dei to øygruppene. I det treårige prøveprosjektet *Vesterled* får arrangørane i våre 20 kommunar tilbod om å oppleve artistar frå Shetland og Orknøyan, og samstundes vil utvalde artistar frå dei same 20 kommunane få høve til å reise til øyane for å ta del i arrangement og konsertar.

Vi håpar at artistar frå Shetland og Orknøyan vil verte eit tilskot som ville heve kvaliteten på arrangementet, og gje publikum ei større oppleving, og at det samstundes kan inspirere og motivere arrangørane i planlegging og gjennomføring av arrangement.

Artistar i år: *Saltfishfourty* og *Orkney SongShop* frå Orknøyan, og Kevin Henderson og *Fiddlers Bid* frå Shetland.



Orkney SongShop



Saltfishfourty

Båtruter

Det vert sett opp båtruter i samband med ei rekkje av arrangementa i Kystsogevekene. Dei gamle fjordabåtane er representantar for viktige kystkultur og gjennom båtturane får folk også oppleve landskap slik det var før i tida, då sjøen var vegen. Båtrutene er sosiale reiser med god tid, godt selskap og gode opplevingar. Sjå nærare i programmet kor du kan reise med mellom anna *MS Granvin*, *DS Oster*, *MS Midthordland* og andre av kysten sine travarar.



Kystsogeveke 2008

9. august til 14. september

Sundag 3. august

Austevoll/Stolmen

Kystsogedag i Kvalvåg kl 1100-1700

1100 Gudsteneste i Stolmen kyrkje

1200 Opning av Kystsogedagen. Aktivitetar for barn og familie. Hit kjem Redningsselskapet med Eliasbåtane og sjøvettkampanje. Austevoll Røde Kors og Os Røde Kors demonstrerar sjøredning og førstehjelp. Lykkehjul, loddssalg, marknad, brukskunst, Maleriutstilling frå Austevoll Målarlag. Sal av rømmegrøt og fiskesuppe.

1500 Førestillinga "Gjest Baardsen i song, segn og sanning" i "Trelasten"

Laurdag 9. august

Bergen/Bryggen kl 1200

Offisiell opning av Kystsogeveke 2008 i samband med *The Tall Ships' Races 2008*

www.tallshipsracesbergen.no/no

Bergen sentrum

The Tall Ships' Races 2008 Over 80 påmeldte store seglskuter deltek i den tradisjonsrike ragattaen. Rikt kulturprogram og folkefest i Bergen. *Kystkulturpresentasjon* på Blomstertorget ved Bergen Kystlag i samband med *The Tall Ships' Races*

Tysnes/Solstråleøya kl 1200-1800

Solstråleøya sin dag, underhaldning for born og vaksne Arr. Solstråleøya Venelag

Fitjar/Fitjar sentrum

Fiskefestival Arr. "Fitjar framøve"

Bømlo/Brandasund

Brandasunddagane I det gamle tunet vert det arrangert torghandel, trekkspelmusikk, fisketorg, tau & knivsmedaktivitet, loppemarked, tradisjonsmat, kystkulturaktiviteter, m.m

Sundag 10. august

Masfjorden/Masfjordnes

Konsert med Gabriel Fliflet og Olav Tveitane i Sandnes nothus

Lindås/Eknesvågen kl 1300-1700

Utstilling om Ingvald Eidsheim og KNM Hitra. Gratis. Arr. Eknesvågens Venner

Bergen/Bergen sentrum

The Tall Ships' Races 2008 Rikt kulturprogram og folkefest i Bergen.

Kystkulturpresentasjon på Blomstertorget ved Bergen Kystlag.

Bergen/Salhus kl 1200-1530

Barnas Produksjonsverkstad Museumssenteret i Hordaland, Norsk Trikotasjemuseum

www.museumsnett.no/salhus/

Bømlo/Brandasund

Brandasunddagane I det gamle tunet vert det arrangert torghandel, trekkspelmusikk, fisketorg, tau & knivsmed aktivitet, loppemarked, tradisjonsmat, kystkulturaktivitetar.



Sveio/Ryvarden

Fyrjazz Ryvarden Kulturfyr, kafé, galleri

Måndag 11. august

Bergen sentrum kl 1300-2200

The Tall Ships' Races 2008 Program frå scener

1600-1800 *Sjantikonkurranse* for seglskutemannskap på Brygge scenen!

Tysdag 12. august

Bergen sentrum

The Tall Ships' Races 2008 Seglskutene forlet Bergen. Parade of Sail. Regattastart for etappe frå Bergen til Den Helder i Nederland.

Fredag 15. august

Austrheim/Austrheim samfunnshus kl 1900

Konsert med Andrea Rice og Austrheim songlag. Bill kr 150.-

Sund/Glesvær

Periferifestivalen 2008 15. og 16. august. Periferifestivalen er ein festival for deg som vil oppleva god musikk i eit unikt festivalmiljø – der havsus møter populærmusikk. Hit kjem

Madrugada m fl. Billettsal: Billettservice.no. Ring 815 33133/55 21 61 50 www.periferifestivalen.no Arr. Periferifestivalen DA

Laurdag 16. august

Gulen/Eivindvik

Ta sjansen! Konkurranse om beste båt, underholdning og moro på kaia i Eivindvik. Redningsselskapet kjem med Eliasbåtane.

Masfjorden/Masfjordnes kl 1400

Kvamsdals farger Lise Finne held føredrag "Om indigo og andre fargestoff som Kvamsdals farger nyttar i verksemda si".

Masfjorden/Masfjordnes kl 1600

Sandnes nothus Omvisning og føredrag om båtar og båtbyggjarar i Masfjorden ved Arne Høyland.

Austrheim/Fonnes kl 1200-1600

Fonnesdagen "Det var ein gong" på Fonneskaaien. Liv og røre på kaien og noko for både ung og gamal. Rømmegraut, stompekake og fiskesuppe. Gamle handverk og fiskereiskap. "Dajen dar folk møtast". Redningsselskapet kjem med Eliasbåtane

Fjell/Langøy kystkultursenter kl 1200-1800

Langøymarknaden – to dagar med lokale utstillarar, handverk og brukskunst. Underhaldning, kafe, båtar og dyr.

Fjell/Langøy kystkultursenter kl 2000

Naustdans i Gamlanaustet. Arr. Fjell kystlag

Sund/Glesvær

Periferifestivalen 2008 15. og 16. august. Periferifestivalen er ein festival for deg som vil oppleva god musikk i eit unikt festivalmiljø – der havsus møter populærmusikk. Hit kjem

Madrugada m fl. Billettsal: BillettService.no. Ring 815 33133/55 21 61 50

www.periferifestivalen.no Arr. Periferifestivalen DA

Austevoll/Bekkjarvik Gjestehavn

Kystsogehelg i Bekkjarvik 2008

1200 Offisiell opning på Skjeret. Musikalske innslag, torghandel og folkeliv på kaaien.

1500 Den årlege rokonkurranse "Edel kappstrid mellom øyane"

2100 Stemningsfull aften med **Jan Eggum** i Hengjo

Austevoll/Kvalvåg kl. 2300

Kystsogehelg i Bekkjarvik

Midnattskonsert Britt-Synnøve Johansen m/band i Stolmen Kyrkje

Tysnes/Tysneshallen kl 2000

Dansegalla Gruppesax frå Bergen og EDO frå Kvinnherad. Sal av mat, mineralvatn, øl, og vin. Førehandssal av billetter på Vågebuo. Aldersgr. 18 år Bobilcamp v/ Tysneshallen. Arr. Tysnes musikklag

Sundag 17. august

Lindås/Seim/Strilamuseet kl 1400-1700

Temadag om poteter. Utstilling i høve det internasjonale potetåret. Denne dagen poteagraut og potekaker. Museet oppe kvar søndag. Vaksne 30 kr, born 10 kr. Arr. Lindås sogelag.

Lindås/Eknesvågen kl 1300-1700

Utstilling om Ingvald Eidsheim og KNM Hitra. Gratis. Arr. Eknesvågens Venner.

Bokafe med sal av kaffe, vafflar og brus.

Radøy/Sæbø kl 2100

Offisiell opning av kystsogevekene i Radøy. "A night at the Opera" Konsert med variert musikk frå kjente klassiske perler, musikalar til Rolling Stones og Queen i fantastisk natur i Landskaps-parken på Sæbø. Sjå radoy.kommune.no for nærare info Arr. Sæbø landskapspark

Øygarden/Ovågen kl 1700

Kystmuseet i Øygarden

Gjest Baardsen i song, segn og sanning. Søndagskonsert med song og forteljing.

www.museumvest.no

Fjell/Langøy kystkultursenter kl 1200-1800

Langøymarknaden – to dagar med lokale utstillarar, handverk og brukskunst. Underhaldning, kafe, båtar og dyr.

Austevoll/Bekkjarvik Gjestehavn kl 1200

Kystsogehelg i Bekkjarvik

Utegudsteneste på Skjeret i Bekkjarvik.

Sveio/Valevåg kl 1200-1600

Open gard på Einstapevoll, freda gard i kystmiljø. Aktivitetar: hesteskokasting, mjølkespannkasting, riding for barn, staurbering, grillmat, vaflar, kaffi, brus å få kjøpt Arr. Sveio Bondelag

Sveio/Valevåg kl 1630-1830

Valevåg ferjeleie 50 år. Ferjeleiet er nedlagt, men sett i stand. Historisk tilbakeblikk, fiskekonkurranse frå kaien. Premiering. Litt å bite i å få kjøpt. Arr. Valestrand Natur- & Kulturminnelag

Fredag 22. august

Osterøy/Hosanger kl 1800

Mjøsdalsdagane – Foredrag av Mona Nordaas "Frå kaos til kreasjon", om gjenbruk. Arr. Mjøsdalen grendaråd

Bømlo/Selsøy i Brandasund

HIMMEL og HAV – ei helg i havgapet

22. – 24. august 2008 Kvarven Skule i Brandasund

Arr Brandasund Grendelag

Frekk Fredag: Offisiell Opning i festsalen kl 1900

Arne Torget: dikt, Oda Habbestad: fiolin Foredrag: Karl Gloppen

Sylvi Nysæther og Sissel Jørgensen: Tema Laks. Erling Kvarven trekkspel.

Galleri Hantho, Fri inngang, Sal: Kaffi og kaker.

Laurdag 23. august

Fedje - Fleirbrukshallen

Torgdagen på Fedje

1100-1500 Sal frå bodar. Bowlingturnering

1200 i sosialt rom – foredrag om kystkultur

1200-1400 Trafikksentralen har open dag

Fedje - Fleirbrukshallen kl 1800

Vestlandsrevyen - ein hyllest til den særeigne vestlandshumoren, gjort av landsdelens beste imitatorar, satirikarar og humoristar. Med: Halvor Folgerø, Finn Tokvam, Ragnar Hovland, Olav Stedje og Claus Sellevoll. Regi: Arvid Ones. Produsent: Stageway i samarbeid med Hordaland Teater *Ta med kopp!*



Radøy/Risnes kl 1100

Skogsdag Visning av skogsutstyr - Grilling - Skogsuppe – skogskaffi. Elles variert program.

Arr: Vågsbotn skogsveglag

Osterøy/Hosanger kl 1200-1600

Mjøsdaalsdagane – Aktivitetar på kaien, kreasjonar av gjenbruksmaterialar.

Open treskoverkstad, galleri og kafé. Arr. Mjøsdaalen grendaråd

Askøy/Herdla

Performancefestivalen «Mellom himmel og hav II» set søkelys på tilhøvet mellom det urbane og naturen. Publikum vert guida gjennom ei rute, og undervegs vil folk få sjå kva dei ulike kunstnarane gjer.

Bergen/Salhus

Kultur- og torgdagar på Salhus Museumssenteret i Hordaland, Norsk Trikotasjemuseum. www.museumsnett.no/salhus/

Os/Øyane

Opning av Kystsogevekene i Os

1100 Opning ved ordføraren

1200 Utstillingsopning på Vedholmen Galleri

1200-1400 Fiskekonkurranse

1230-1400 Open båt på Hargun

1230 Kappsegling på Kjerringahavet

Utstillinga *Øyane før og no*, Turar med Snøgg, Høve til å ro og segla.

Bømlo/Selsøy i Brandasund

HIMMEL og HAV- ei helg i havgapet

Arr. Brandasund Grendelag

Lykkeleg Laurdag kl 1100-2400

Glaskunst, Smykke, Keramikk, Åkle, Bunadsforkle, Tekstilkunst, Bjørn Strandenes "Havets Malar", Ansiktsmaling, Lopper, Hunderasen Berner Sennen, Folkedans, Trekkspillmusikk, Eliasbåten og kanskje eit Sjørøvarskip, Rebusløp, Auksjon, bord m/kulefot, seng, veggur, por-selen m.m. Terje Vigen: Per Drønen, Song: Åsne Søreidet. Foredrag med Lasse Skjoldal **Kveld:** Familiefest på Skjeret. Rambles spelar. Leik og moro. 'Buskspel' Premieutdeling, Spøkelsestur. Sjå www.kystsogevekene.no for detaljar.



Kunstneren Roi Vaara.
Foto: Arne Skaug Olsen

Sundag 24. august

Gulen/Furnes

Sjømat på kaia Brandangersund Samfunnshus

Gulen/Sellekvåg kl 1200-1600

Open dag på Sellekvåg Treskofabrikk. Omvisning i fabrikk og filmframvisning. Arr. Magne Sellekvåg

Gulen/Takle

Vassbruksmiljødag. Takle vassbruksmiljø. Demonstrasjon av stampa som ble brukt til toving av tøy. Maling av korn. Sliping av knivar og ljàar. Servering. Grilling i grua.

Gulen/Furnes

Fjelltur til Midt Taklestølen og Skaret med Barnas Turlag

Matre/Stordalen

Bjørn West-marsjen Minnemarsj i lett fjellterreng. **Konsert** ved Stordalen fjellstove ved innkomst frå marsjen.

Lindås/Eknesvågen kl 1300-1700

Utstilling om Ingvald Eidsheim og KNM Hitra. Gratis. Arr. Eknesvågens Venner. Bokkafe med sal av kaffe, vafflar og brus.

Radøy/Nordangervågen kai kl 1500

Grillfest Arr. Radøy sogelag

Osterøy/Kossdalen kl 1200

Friluftsgudsteneste Arr. Mjøsdalen grendaråd

Osterøy/Hosanger kl 1400-1800

Mjøsdalsdagane – Open Treskoverkstad, galleri og kafé Arr. Mjøsdalen grendaråd

Bergen/Salhus

Kultur- og torgdagar på Salhus Museumssenteret i Hordaland, Norsk Trikotasjemuseum.

www.museumsnett.no/salhus/

Bergen/Salhus kl 1200-1530

Barnas Produksjonsverkstad Museumssenteret i Hordaland, Norsk Trikotasjemuseum

Bergen/Meland/Øygarden/Askøy

Båtrute - Herdladagen

DS Oster går frå Bergen kl 0730 via Ådlandsvik kl 0930, Vikebø kl 1000 og Ovågen kl 1100 til Herdla. *Oster* returnerer i same rute – avgang kl 1600

Askøy/Herdla

Herdladagen

1200-1300 Gudsteneste i Herdla kyrkje

1300-1600 innslag i og ved Herdlevågen: *"Gjest Baardsen i song, segn og sanning"* Førestilling på Herdla museum.

Foredrag om øygardsbåtane ved Erling Virkesdal om bord i *M/S Vestgar*. Eliasbåtane og sjøvettkampanje v. Redningsselskapet.

Tur til Herdla fort med høve til å sjå det tyske jagarflyet som er under konservering.

Rokonkurranse. Marknad i Herdlevågen. Arr. Herdla sokneråd og Herdla museum

Bømlo/Selsøy i Brandasund

HIMMEL og HAV- ei helg i havgapet

Arr. Brandasund Grendelag

Strålande Søndag kl 1100

Utstillingane pågår heile dagen. Matservering

1100 Foredrag: *Livet på Slåtterøy* med Elisabeth Meling, Tur til Slåtterøy, guide og tilgang fyret.

1600 Gudsteneste i friluft v/Eidet. Kapellet ope 12-14

Sveio/Sveio kyrkje kl 1100

Festgudsteneste og 150-års jubileumsfest i Vigdartun

Måndag 25. - Fredag 29. august

Radøy/Bogatunet kl 0900-1330

Ein "familie" bur i tunet. Ein skuleklasse frå Austebygd skule levandegjer kvardagen for ein familie på 1850-talet. Det ver servert tradisjonsmat Arr. Austebygd skule/Radøy kulturkontor

Tysdag 26. august

Radøy/Bogatunet kl 1200-1800

Ein "familie" bur i tunet

Onsdag 27. august

Radøy/Bogatunet kl 1000-1400

Ein "familie" bur i tunet

Torsdag 28. august

Radøy/Bogatunet kl 1200-1800

Ein "familie" bur i tunet

Fredag 29. august

Radøy/Bogatunet kl 1000-1400

Ein "familie" bur i tunet



Bogatunet - skuleklasse bur i gamle dagar

Fredag 29. august

Bømlo/Langevåg kl 1800

Kystsogedagane på Langevåg Trekspelemusikk og Grilling på kaien (Langevåg Gjestehavn)

Musikk: Arvid Steinsvåg og Geir Edvartsen www.bygdaturunet.no

Laurdag 30. august

Bergen/Askøy/Meland

Båtrute Kystsogedagane M/S *Granvin* kjem frå Bergen/Askøy. Avg. Bergen kl 1000, Eidvåg, Ask, Hanevik, til Holmeknappen kl 1200 Retur fra Holmeknappen kl 1400

Meland/Holmeknappen

Kystsogedagane i Meland

Arr. Arbeidsgruppa for Kystsogedagane

1100 Opning v/ordfører Nils Marton Aadland.

1100-1600 Marknad på Holmeknappen. Sal/utstilling av mange kunst- og handverksprodukt. Demonstrasjon av handverk og utstilling av gamle kjørety, aktivitetar for born og unge. Sal av tradisjonsmat, samt grønt-/småskalaprodukt. Open kafe.

D/S *Oster* ligg ved kai open for omvisning. Underhaldning frå scene heile dagen. Musikalsk innslag frå Steinslandsgjengen frå Sund med Johannes Kleppevik repertoar. Innslag frå lokale aktørar. *Holmestova*: Open kl 1100 - 1700. Utstilling av gamle og nye broderi v/Annlaug Helland og Jorunn Sætre

Sjøbua: Open kl 1100 - 1700. Utstilling og sal av båtryer og modellbåtar v/Kirsti Skintveit og Johann Hartmann Sand. *Galleri "Rustica"*: Utstillinga Med SKYTTEL og PENSEL. Biletkunst og kunsthåndverk: Kristi Skintveit, Synneva Skintveit. Gjester: Kirsten Skintveit, Randi Skintveit, Johann Hartmann Sand, Bjarte Skintveit.

Meland/Holmeknappen/Herdlafjorden kl 1800-2300

Båtrute og rekebord D/S Oster går tur fra Holmeknappen til 14 gamle stoppestader i Herdlafjorden etter ei båtrute fra 1934. Rekebord og servering om bord. Tinging av billetter Åge Skjelvik. Tlf 97686875.

Sund/Trellevik

Kystkulturstemne

1100 Gudsteneste

1200 Elias og Redningsselskapet er på plass. Born får kjøra båten. Avreise til øysafari med guide. Kanoar, kajakkar og jollar kan brukast. Instruktørar er til stades.

1400 Oselvarregatta. Tevling om Trellevikpokalen.

1600 Premieutdeling med underhaldning. Kåseri, song og musikk.

Os/Osøyri

Bondens dag på Kyrkjeflaten

Oselvarfestival på Oselvo

1000 Gratis frukost på Osøyro

1100 Utstillingar og ymse aktivitetar på Kyrkjeflaten

1100 Defilering med oselvarar på Oselvo

1200 Kapproing

Os Mannskor syng. Ope hus på Oselvarverkstaden. Akvarium med ymse sjøgodt

Stord/Sagvåg kl 1100-1600

Vervadagen på Jensaneset på Ottesen skipsbyggeri. Aktivitetar og omvising, krambu, oppgangssag, koking av bek, smed, fresing av naglar. Biletutstilling og sal av husflidsartiklar. Kafe og musikkinnslag. Sunnhordland Museum kjem med prosjektet "Eg byggejr meg ein båt", Arr.

[Sagvågen Kystlag](#)

Bømlo/Langevåg 1000-1600

Kystsogedagane på Langevåg

Stand og utstilling. Utdeling av bygdaprisen. Linedans. Olabilløp. Redningsselskapet kjem med Eliasbåtane og lærer borna om sjøvett.

2000 Revy Osterøykoret

2200 Dans, sjå www.bygdatunet.no

Sveio/Buavåg

"Vestlandet i meg" Visegruppa Rekved. Rømmegraut. Arr. Sveio Gullforening

Sundag 31. august

Lindås/Lygra/Lyngheisenteret kl 1200

Middelalderdag på Lurekalven. Tur til tangane, rotur til Lurekalven og omvising. Konsert på Middelaldergården. www.lyngheisenteret.no

Lindås/Eknesvågen kl 1300-1700

Utstilling om Ingvald Eidsheim og KNM Hitra. Gratis. Arr. Eknesvågens Venner.
Bokkafe med sal av kaffe, vafflar og brus.

Meland/Holmeknappen

Kystsogedagane i Meland

Arr. Arbeidsgruppa for kystsogedagane i Meland.

1100 Friluftsgudsteneste på Holmeknappen kai. Utdeling av Meland Kommune si kulturrose.

1215 Konsert m/ **Storm Weather Shanty Choir.**

1200-1600 Marknad og underhaldning på Holmeknappen, *Holmestova, Sjøbua og Galleri "Rustica"* opne kl 1300 - 1700 for omvisning og med utstillinger, sjå laurdag. Det vil verta utgitt meir detaljert program i august.

D/S Oster og *M/S Vestgar* ligg til kai opne for omvisning. Redningsselskapet kjem med Eliasbåtane og lærer borna om sjøveit.

Osterøy/Bruvik kl 1800-2000

Open kyrkje Bruvik – Historikk, lett servering, evt. musikk Arr. Osterøy frivillighetssentral

Sund/Glesvær - Telavåg kl 1100

Guida tur i Nordsjøløypa Oppmøtestad: Glesvær Handelsstad, fottur til Nordsjøfartsmuseet i Telavåg Arr. Nordsjøløypegruppa Ut mot havet, PIN www.museumvest.no

Os/Hatlelio

På tur til Raudlikongens rike. Opning av turvegen frå Hatlelio til Raudlio.

Stord/Sagvåg kl 1100

Friluftsgudsteneste ved Ottesen Skipsbyggeri. Presten vert rodd frå Sagvåg.

Sveio/Buavåg

Tradisjonsmat, temadag. Sveio Gullforening har diverse arrangement i Sjøhuset i Buavåg. Tur med Sveio Turlag og foredrag om mattradisjonar, kanskje slakting i "gamle dagar". Hjortegryte. Arr. Sveio Gullforening.

Onsdag 3. september

Lindås/Lygra/Lyngheiseret kl 1700

Tur i lyngheiene og konsert i infobygget. Arr. Nordhordland Turlag og Musikkens Venner i Nordhordland www.lyngheiseret.no

Fredag 5. september

Øygarden/Fjell/Sund

Vestkystfestivalen Billettsalet til startar 1. august, men på nokre av konsertane startar billttsalet tidlegare.

Sjekk www.vestkystfestivalen.no for oppdatert info.

1900 **Opningskonsert** på Kystmuseet i Øygarden med **Fiddlers Bid** (Shetland) + Aleksander Rybakk, vinnar av Kjempesjansen.

www.fiddlersbid.com

2300 **Nattkonsert** i Foldnes kyrkje med **Sigvart Dagsland** med band www.dagsland.no



Fiddlers Bid. Foto Heidi Pearson

Bømlo/Finnås

Kanaldagane www.kanaldagane.no

Til "Kanaldagane" kjem det veteranbåtar, det vert standar av ymse slag, yrande folkeliv og variert underhaldning.

1500 Messeområdet opnar

1515 Brannbil, politibil, sjukebil

1600 Pallespringing

1700 Våge Skulemusikklag spelar

1800 Bømlo Janitsjar

1900 Opning v/Ragnild Randal

1915 Haugaland Trekkspillklubb

2015 Arvid Steinsvåg m/band

2100 Båttur - Børøyfjord cruise med *M/S Midthordland* frå Melkevik kai, varer ca 3-4 timar

2130 Messområdet stenger

Laurdag 6. september

Radøy/Manger kl 1000-1500

Torgdag i Manger Senter med ymse aktivitetar. Arr. Manger senterforening

Radøy/Risnes grendahus kl 1200-1900

Risnesmarknaden. Tale v/ordførar Jon Askeland. Aktivitetar for store og små. Veteranbuss-salgsboder-loppemarked-salg av kaffi/kaker og grillmat/musikk og underholdning. Omvisning på Kvernane på Villanger, i Syltastova og meieriet i Syltavågen Arr. Risnes Grendalag

Radøy/Manger kl 1900-0200

Dansegalla i Radøyhallen. Musikk: *Lasse Stefanz* og *AristoCats* Arr. Manger skulemusikklag/Bøvågen Service

Osterøy/Gjerstad kl 2300

Trolldom musikal – årspremiere nattforestilling Arr. Osterøy museum

www.museumsnett.no/osteroymuseum

Øygarden/Fjell/Sund

Vestkystfestivalen www.vestkystfestivalen.no

Dagtid **Sjørøvertokt** med galeasen *Loyal* frå Brattholmen kai

13 00 Gratiskonsert med **Venke Knutson** på Sartor Storsenter + finale i Vestkysttalentet

www.venkeknutson.no

2000 Konsert og dans med **Vassendgutane** i Sundhallen. Support: Good Reason

www.vassendgutane.no www.goodreason.info

2000 Blueskveld med **Vetthus Blues Band** i Landro samfunnshus. www.bluesband.no

Fitjar/Kulturhuset

"Siste dans" Konsert med Helge Nilsen og Rune Larsen m fl. Arr. Fitjar kulturkontor

Stord/Leirvik

Open dag på Sunnhordlandstunet Familiedag med aktivitetar, demonstrasjonar, foredrag og kafé. Arr. Sunnhordland Museum

Bømlo/Finnås

Kanaldagane www.kanaldagane.no

Hit kjem det veteranbåtar, det vert standar av ymse slag, yrande folkeliv og variert underhaldning. Om kvelden vert det bryggjedans og konsert.

1000 Bømlo Amcarclub

1100-1400 Veteranbuss frå Kulleseidkanalen til Gullgruvane på Lykling-guiding.

1300 Dans Vertu

1400 Frå istid til varmetid - om kystkulturen i eit naturhistorisk perspektiv, professor J. I. Svendsen, føredrag i Finnås bedehus

1400-1700 Eliasbåtane

1500 Kine Pedersen m/band

1700 Absolutt Abba Show

1900 Messeområdet stengjer

2100 Båttur - Børøyfjord cruise med *M/S Midthordland* frå Melkevik kai, varer ca 3-4 timar

2130 Innsleppet til dansen startar

2200 Bryggjedans m/ *Vestavind*

Fredag 5. september - Sondag 7. september

Bergen/Sandviken

Sandvikens dag med mellom anna aktiviteter kring Bergen Kystkultursenter.

Sondag 7. september Nordsjøløypedagen

Denne dagen vert det arrangert fleire turar langs Nordsjøløypene i Hordaland. Nordsjøløypa er tilgjengeleg heile året og vi oppmodar alle til å nytte ho! Sjå nettsidene for meir informasjon nordsjoloypa.ivist.no

Gulen/Byrknes kl 1400-1700

Sesongavslutning av Gulen Fiskarbondemuseum. Kaffi og enkel servering

Lindås/Eknesvågen kl 1300-1700

Utstilling om Ingvald Eidsheim og KNM Hitra. Gratis. Arr. Eknesvågens Venner.

Bokkafe med sal av kaffe, vafflar og brus.

Radøy/Tjore kl 1200 - 1600

Haustdag i Tjorehagen Hagevandring, sal av hageplantar. Kafè. Arr. Tjorehagens venner

Radøy/Risenes kl 1700

Risnes grendahus

Basar for Sjømannsmisjonen - Den Norske kyrkja i Utlandet.

Mange fine gevinstar. Servering og åresal og m.m Arr. Risnes sjømannsmisjon

Bergen/Salhus kl 1200-1530

Barnas Produksjonsverkstad Museumssenteret i Hordaland, Norsk Trikotasjemuseum.

www.museumsnett.no/salhus/

Øygarden/Ovågen kl 1200

Guida tur i Øygarden Oppmøtestad: Kystmuseet i Øygarden. Arr. PIN Guideservice

www.museumvest.no

Fjell/Gjerdet - Morland

Nordsjøløypedagen. Guida tur frå Gjerdet kulturminnegard på Fjell og på gammal kyrkjestig til Morland. Grilling av lokale kjøtprodukt frå „Strilalam“, padling i Morlandsvatnet og aktivitetar for born. Lett underhaldning. Buss attende til Fjell. Lett servering på Gjerdet kulturminnegard. Arr.: Midtmarka beitelag og „Strilalam“

Øygarden/Fjell/Sund

Vestkystfestivalen www.vestkystfestivalen.no

Dagtid: Gratiskonsert med **Kevin Henderson** (Shetland) på Kystmuseet i Øygarden i samband med Nordsjøløypedagen

1600 og 1900 Konsert med **Ole Edvard Antonsen** på Fjell festning. Akk: Atle Halstensen

www.oleedvardantonsen.com

1900 Avslutningskonsert med **Fiddlers Bid** på Nordsjøfartmuseet i Telavåg

Sund/Telavåg/Nordsjøfartmuseet kl 1200

Historisk vandring i Telavåg Oppmøtestad: Nordsjøfartmuseet Fottur i Telavåg med guide. Arr. Museum Vest Avd. Nordsjøfartmuseet www.museumvest.no

Sund/Telavåg/Nordsjøfartmuseet kl 1800

Båtreisende på Vestlandet- ei utstilling om romanifolket. Opning av utstilling.

Vestkystfestivalen Arr. Museum Vest Avd. Nordsjøfartmuseet www.museumvest.no

Sund/Telavåg/Nordsjøfartmuseet kl 1900

Fiddlers Bid Avslutningskonsert Vestkystfestivalen. Folkemusikk frå Shetland. Arr. Museum Vest, Avd. Nordsjøfartmuseet www.museumvest.no

Osterøy Kulturdagar 7. - 14. september 2008. sjå www.ostranett.no

Osterøy/Gjerstad kl 1600

Trolldom musikal Arr. Osterøy museum. www.museumsnett.no/osteroymuseum

Osterøy/Bruvik kl 1400

Kulturvandring på Bruvik. Frammøte ved butikken. Arr. Osterøy frivillighetssentral

Osterøy/Lonevåg kl 1830

Soppens dag Kveldsmat med sopp i biblioteket. Ta med dagens soppfangst til kontroll.

Foredrag om sopp til mat og farging ved Betsy Samulelsen Arr. Osterøy Bibliotek

Bergen/Garnes/Stend stasjon/Hordamuseet Kl 1000-1600

Vi iler langsomt. Ei reise med opplevingar; tog, båt, buss og med hest og kjerre. Vossebana 125 år Osbana etc Roregatta på fjorden (Stendavika). Arr. Historieverkstaden i Bymuseet, Venneforr. Vossebana/Osbana www.bymuseet.no

Bømlo/Finnås

Kanaldagane www.kanaldagane.no

Hit kjem det veteranbåtar, det vert standar av ymse slag, yrande folkeliv og variert underhaldning.

1100 Friluftsgudsteneste presten blir rodd til gudsteneste i båt på gamle måten.

1230 Havdur konsert

1400 Geir Sørenes m band

1500 Singstar konkurranse

1600 Songlaget Storabuen Blandakor

1630 Messa stengjer

Sveio

Tur på gamle kyrkjevegar frå mange plassar i soknet. Til fots og i robåtar. Kulturlosar. Kyrjeklokkene ringer kvart kvarter til folket er framme. v/Sveio Turlag.

Sveio/Sveio kyrkje kl 1300

Jubileumsgudsteneste Historisk gudsteneste.

Sveio/Sveio kyrkje

På kyrkebakken Bodsøl, kvalkjøt, anna grillmat, vaflar med meir, utstilling av gamle gjenstandar, også fleire andre har bodar. Sveio Kystlag med fleir.



Måndag 8. september

Osterøy/Tysse kl 1800

Vandring i sentrum Tysse – lokalhistorikar Olav Meltvik vil fortelja om utviklinga i Tyssebygda frå kvernhus og sagbruk i 1770-åra, til kraftverk og mølledrift med meir seinare.

Arr. Tysse grendaråd

Tysdag 9. september

Osterøy/Lonevåg kl 1800

Kulturvandring - frammøte P-plass ved skulane Arr. Lonevåg grendaråd og Lonevåg helselag

Fredag 12. september

Osterøy/Lonevåg kl 1500-1700

Stand i Lonevåg sentrum Arr. Osterøy frivillighetssentral

Osterøy/Lonevåg kl 1600

4H Informasjon om 4H, matservering Arr. Vennskapsporten 4H

Sundag 14. september

Gulen/Eivindvik

Dahl-dagen. Situasjonsteater. Opning av utstilling i Herresalen. Fiskesuppe på kaia. Vaflar/kaffe Arr. Ungdomslaget i Eivindvik

Lindås/Eknesvågen kl 1300-1700

Utstilling om Ingvald Eidsheim og KNM Hitra. Gratis. Arr. Eknesvågens Venner. Bokkafe med sal av kaffe, vaflar og brus.

Radøy/Sletta kl 1300 - 1700

Vestnorsk utvandringssenter er ope. Arr: Vestnorsk utvandringssenter. utvandringssenter.no

Osterøy/Gjerstad kl 1300

Opning av kulturstien på Gjerstad Arr. Osterøy museum.

www.museumsnett.no/osteroymuseum

Tysnes/Tysnes folkebibliotek i Tysneshallen kl 1700

"Gamle bilde frå Tysnes" kåseri og bildeframsyning v/ Olav Skjellevik. Arr. Sundagsakademiet.



Sjå våre nettsider
for utfyllande program,
bilete og omtalar av
arrangement og
oppdateringar undervegs.



www.kystsogeveke.no

Museum og utstillinger

Askøy brukskunstlag

Stad: Askøy/Strusshamn i det raude huset i Strusshamn (v/kyrkja).

Sal av diverse handlaga produkt og heime-laga lefser.

Ope: tirs og tors kl. 12 – 18, laur kl. 12 – 16. Tlf. 56 14 51 33

Fjell festning, Museum Vest

Fjell festning ligg på Sotra vest for Bergen. Festningsanlegget blei bygd av den tyske okkupasjonsmakta for å sikre innseglinga til Bergen. Fjell festning er no freda som eit militært kulturminne, og anlegget er sikra og gjort tilgjengeleg for publikum. Kanonbrønnen har fått vernebygg med kafe/forsamlingslokale.

Opningstider: Mai - august 2008: laur og søn kl 12-17. Omvisning vekedagar etter avtale (tlf. 56335454/91735095). Pris: 60 kr www.museumvest.no

Gulen Fiskarbondemuseum

Adresse: Byrknesøy

5970 Byrknesøy

Telefon: 57 78 23 91/57 78 32 21

www.jensbua.no/gfm/

Havråtunet, Museumssenteret i Hordaland

Stad: Osterøy/Havrå

Garden Havrå ligg midt i eit særprega kulturlandskap. På garden er klyngetunet og den gamle teigdelinga framleis intakt.

Garden er eit unikt minne omgardsdrift, byggjeskikk og arbeidsliv på dei mangbølte vestlandsgardane. Garden har ei lang historie, og er freda som kulturmiljø.

Ope sundag 12-15.

www.museumsnett.no/salhus/

Herdla Museum, Museum Vest

Stad: Askøy/Herdla

1. mai til 31. august ope frå kl. 12-17

Sundagar i september og oktober: 12-17

Ein kan bestilla omvisning for grupper heile

året. Telefon: 56 14 51 50 / 56 15 84 65 / 97 09 47 29 E-post:

herdla@museumvest.no www.museum-vest.no

Holmestova og Sjøbua, Holmeknappen

Stad: Meland/Holmeknappen. Frå 29. juni til 24. august er museet ope sundagar kl. 14-17

Under kystsogedagane: Laurdag 30. august kl 11-17 sundag 31. august kl 13-17

For andre tidspunkt, kontakt Meland kommune, tlf. 56171000/56171074.

Adresse: Postboks 79, 5906 Frekhaug sentralen@meland.kommune.no eller www.meland.kommune.no

Hordamuseet, Bymuseet i Bergen

Hordamuseet skildrar levevilkåra til folk som har budd i Nord- og Midhordland.

Museet ligg idyllisk til inst i Fanafjorden, like nedanfor Stend jordbruksskule.

Opningstider: Tys, tors, fre 12-15, ons 12-18, laur og sun 12-16. Måndag stengt.

Vitjing utanom opningstida etter avtale. Tlf 55112900, hordamuseet@bymuseet.no

Adresse: Hordnesveien 24, 5344 Fana www.bymuseet.no

Kulleseidkanalen Bømlo

Stad: Bømlo/Finnås

På kanalkanten ligg Canalvogterboligen frå 1856 og Telegrafan frå 1857. Begge er i dag museum som syner det viktige og gigantiske arbeidet med Kanalen og den tida sin telegrafi og seinare telefonutvikling som betydde så mykje for fiskeria.

www.kulleseidkanalen.no/historikk.asp

Omvisning kan tingast på tlf. 959 02 218.

Kystmuseet i Øygarden, Museum Vest

Museet presenterar livsvilkår og ressurs historie i eit typisk kystområde gjennom 10 000 år, med særleg vekt på energiutnytting. Faste og skiftande utstillinger.

Museumskafe.

Ope: 1. mai-31. aug: mån-fre kl. 11-16, sun kl 12-17

April og september: Sundag kl 12-17. Elles etter avtale.

Adresse: Oen

5337 Rong

Telefon: 56 38 50 50

kystmuseet@museumvest.no

www.museumvest.no

Langøy Kystkultursenter

Stad: Fjell/Langøyna

Ein tradisjonsrik handelsplass med butikk, bakeri og naust. Senteret har sundagsopen kafe om sommaren, og kan etter avtale leigast ut til arrangement og overnattingar heile året. Området har og ein fin bade-plass for barn. Tlf 90 99 26 04,

post@langoykystkultursenter.no

www.langoykystkultursenter.no

Lyngheisenteret, Museumssenteret i Hordaland

Lyngheisenteret på Lygra i Nordhordland er oppretta for å ta vare på kysten sitt kultur-landskap og for å hegna om den kunnskapen og dei tradisjonane som knyt seg til bruken av dette landskapet.

Opningstider Informasjonsbygget: Mai-sep-tember: Ons-fre kl. 11.30-15.30

Sundag kl 12-18. Studentgrupper, skuleklas-sar, kurs/konferanse og andre grupper etter avtale.

Stiftinga Lyngheisenteret Ytre Lygra, 5912

Seim Tlf: 56356410

post@lyngheisenteret.no www.lyngheisen-teret.no

Misje museum

Stad: Fjell/Misje

Historia til ei vestlandsbygd på 1900-talet: fisket, fiskeindustrien, emigrasjonen, livet under krigen, reiskapar, mat og klede.

Misje Bygdalag driv museet. Om somma-ren sundagsopen kafe kl. 15-18, elles etter avtale. Tlf 56335004/56334412/56334728 Gamlevegen 5366 Misje

Nordsjøfartmuseet, Museum Vest

Dei tre faste utstillingane på museet omhandlar Telavågtragedien, Nordsjøfarten og Shetlands-Larsen. I tillegg er det skif-tande utstillingar.

Adresse: Telavåg, 5380 Telavåg, Telefon: 56 32 74 40

www.museumvest.no

Norsk Trikotasjemuseum, Museumssenteret i Hordaland

9. august- 14. september: Bli med omvi-sing i gamle Salhus Tricotagefabrik (1859-1989). Film om korleis det var å jobba her. Utstillingar: *"Teppet 10.000 blomster"*, av tyske Ursel Arndt.

"Sjekk det håret", frå Den kulturelle skule-sekken.

Museumsbutikk og enkel kafé. Ope: tirs-fred: 11-15, sund: 12-16 www.museum-snett.no/salhus/

Osterøy museum, Museumssenteret i Hordaland

Eit kulturhistorisk museum for Osterøy og dei næraste bygdene.

Ope mån- fre kl. 10-15, sun 12-17. Adresse: Gjerstad, 5282 Lonevåg

Telefon: 56 19 34 40

www.museumsnett.no/osteroymuseum/

Radøy Kunst Senter

i Bøvågen. www.radoy-kunstsenter.no

Ryvarden Galleri og fyr

Opningstider: Alle sundagar kl. 11-17. Frå 3. juli - 11.aug. også tys.-laur. kl. 12-16.

Adresse: Mølstrevåg, Pb. 40, 5559 Sveio

E-post: gunn.b.haavardsholm@sveio.kommune.no

tlf. 53748000 www.ryvarden.no

Sellevåg Treskofabrikk

Stad: Gulen/Sellevåg

Tradisjonsrikt miljø for produksjon av tresko. Omvising etter avtale for einskildpersonar, grupper og lag. Kontaktperson:

Magne Sellevåg, tlf. 57 78 36 59/909 82 235 www.histos.no

Strilamuseet på Seim

Lindås sogelag har ei stor samling av eldre kulturgjenstandar. Mykje av samlinga er utstilt i "Strilamuseet" på Seim. Museet formidlar kunnskap om livsgrunnlag og levemåte før industrisamfunnet for alvor overtok og gav oss rikeleg med pengar og mykje langreist mat. Museet ope kvar sun- dag kl. 14-17. Vaksne 30 kr, born 10 kr.

Sunnhordland Museum

Me tek vare på minne og forteljingar frå Sunnhordland si fortid. Her får du møta miljø og gjenstandar du mest hadde gløymt. Du kan òg møta minne frå forhistorisk tid, klosterruinar frå mellomalderen, eller minne frå nyare kystkultur og industri- soge. Sunnhordland Museum er ein stad der minne og menneske møtest!

Adresse: Museumsbakken, 5417 Stord,
Telefon: 53 41 38 99

sunnhordland.museum.no

Sunnhordlandstunet på Leirvik har ope i perioden 5. mai - 29. august: Mån/tys og tors/fre kl. 10-16, ons l. 16-19.

Museumskafe laurdagar kl. 11-14 og sun- dagar 16-19. Aktivitetar for born. *Stord maritime museum*, Leirvik brygge ope 23. juni - 29. august, tys-laur kl. 11-15.

Tusenårsstaden Gulatinget

I perioden 2. juli til 19. august vert det dagleg omvising med foredrag om Gulatinget. Guiding på norsk kl. 12 og eng- elsk kl. 13. For grupper også utanom opp- sett program. Foredraget tek føre seg histo- ria knytt til Gulatinget og andre tingstader i Noreg og Nord-Europa, og syner den inn- verknaden Gulatinget har hatt for

utviklinga av Noreg som rettstat og demo- krati. Lyarane får og ein orientering om Leidangen og om Gulatingslova Gulen Fiskarbondemuseum. www.gulatinget.no

Vestnorsk Utvandringssenter

Mellom 60-70% av det norske folk har slekt i Nord-Amerika og ca. 7 mill. av desse reknar seg som norskætta.

Emigrasjonshistoria kan opplevast gjennom film, forteljing, dokumentasjon og van- dring i eit tilnærma autentisk miljø.

Vestnorsk Utvandringssenter ligg på Mellingen, Sletta i Radøy kommune tlf. 56 37 20 00 post@utvandringssenter.no

utvandringssenter.no Opningstider Frå 21.06-10.08: Kvar dag 12-17. Frå 16.08 -

31.08: Laur og sun kl. 12-17. Billett: kr.50/pers. over 15 år. Heile året etter avtale: Gruppeomvisning kr.40/pers. (min 10 pers.)

Valestrand kulturkyrkje

Valestrand kulturkyrkje og bygda Valestrand er ein viktig kulturplass i Sveio kommune. Fartein Valen - Kulturlandskap Valevåg omfattar Fartein Valen-heimen, Valestrand kulturkyrkje, Valen kapell og Kolerakyrkjegarden i Leirvåg. Vidare finn ein garden Einstapevoll og forfattaren Einar Økland har også sin plass i bygda.

www.kulturkyrkja.no

Vedholmen Galleri

Stad, Sundøy, Søre Øyane i Os. 5216 Lepsøy

Opning av Kystsogedagane i Os kommune laurdag 23. august kl. 12.00, ny utstilling. Opningstider 24. mai t.o.m. 21. desember 2008: Tors 16.00-19.30, fre og sun 12-16, laur 12-15.

Sommarstengt 3.-20. august.

www.vedholmen-galleri.no

NOTATER

[illegible]

Det geografiske området for Kystsogevekeene er 20 kommunar frå Sveio i sør til Gulen i nord. Motivet i kommunevåpenet står for kommunen sin historiske eigenart og bakgrunn.

Gulen	
Masfjorden	
Fedje	
Lindås	
Radøy	
Meland	
Austrheim	
Osterøy	
Askøy	
Bergen	
Øygarden	
Fjell	
Sund	
Os	
Fitjar	
Austevoll	
Bømlo	
Stord	
Sveio	
Tysnes	



Leia:

Leia langs Vestkysten ligg i dag som for tusen år sidan, ei hovudferdsåre frå sør mot nord; den første riksvegen. Opp gjennom hundreåra har Leia vore livsnerven i kystsamfunnet: Vikingskip på utferd mot vest, kongens skip på veg mot kongsgardane, handelsskip og krigsskip, jakter og galeaser, jekter og færingar, fraktefartøy og fiskebåtar – her er mange aktørar og skiftande scenar i fjordlandskapet

(Sitat frå Kulturhistorisk Vegbok – Hordaland)

For meir informasjon og avtaler kontakt:

Stiftinga
Kystsogevekeene,
Postboks 7900,
5020 BERGEN
Tlf 55 23 91 73
E-post:
kystsogevekeene
@post.hfk.no

www.kystsogevekeene.no

Desse støtter projekt Vesterled:

Stiftinga Kystsogevekeene samarbeider i år med Logan Air kring artistutveksling med Shetland og Orknøyan. Direkteflygingar mellom Bergen og Shetland i sommar. www.britishairways.com

 **SparebankenVest**
- satsar på Vestlandet

LIE  **GRUPPEN**

 **BRITISH AIRWAYS**
Operated by Loganair

